

**SAKSFRAMLEGG
UTVALGSSAK**

Behandlet av	Møtedato	Saksnr.	Saksansvarlig
Formannskapet	17.02.2011	003/11	PERELL

Mappe	JournalID	ArkivID	Saksbehandler
11/85	11/294	A30	Ellen Persvold

Kulturskuleløftet - Kulturskule for alle

Høringsuttale frå Etnedal kommune

Andre saksdokumenter (ikke vedlagt):

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	01.02.2011	Oppland Fylkeskommune	Kulturskuleutvalgets rapport

Kulturskuleutvalget sin rapport til Kunnskapsdepartementet. Rapporten kan lastes ned her:

http://www.musikerorg.no/img/kulturskuleutvalget_07.09.2010.pdf

Eller her: <http://www.kulturskoleradet.no/www/Forside?Plugin=Mappe&menu=0>

Saksopplysninger:

Innleiing

Etnedal kommune er gjort kjent med rapporten frå Kulturskuleutvalget, *Kulturskuleløftet-kulturskule for alle*. Nasjonalt sett har kulturskulefeltet hatt sterkare fokus det siste året, og mellom anna regjeringa må rosast for å plassere kulturskulen på den politiske dagsorden.

Etnedal har ein relativt liten kulturskule etablert i 1998 med 54 elevplassar og 1,3 stillingsheimel. Kulturskulen har tilbod innan musikk, teater og trearbeid. 30 % av stillingsressursen er instruksjon av kor og korps for vaksne. Det er ynskje frå elevar om fleire tilbod og plassar i kulturskulen enn det me no har kapasitet til å realisere. I ein fase der kommunen ynskjer å sjå nærare på kva kulturskulen kan bety for ein liten kommune, er det

Sign.

Utskrift sendt til:

Musikk og kulturskolerektor for vidare beh.

interessant å lesa rapporten frå Kulturskoleutvalget og forventningane som ligg der til at staten tek eit større økonomisk medansvar og tydeligare føringar for innhaldet i utviklinga av kulturskular i kommunane.

I utgreiinga heiter det mellom anna at alle barn som ønsker det får et kulturskoletilbud av god kvalitet til en rimelig pris. Dette skal sikres ved statlige stimuleringsmidler og en solid kommuneøkonomi. Utvikling av et mer omfattende kulturskoletilbud i tilknytning til SFO/skole skal utredes. Det skal være rom for ulik lokal organisering av kulturskolen. Det skal legges til rette for synliggjøring av kulturskolen og for talentutvikling.

Dette er ei ambisiøs, framtidsretta og riktig målsetjing med tanke på kulturuttrykk som ein viktig ingrediens i eit moderne danningsspektiv. Me vil i det følgjande knytte nokre kommentarar til ulike sider ved rapporten.

Stimuleringsmidlar og prosjekt

Stimuleringsmidlane for kulturskulane på 40 millionar i 2010 og 2011 er ei god ordning, og det er viktig at desse midlane også er reelle å søkje på for mindre kommunar. Løftet som Kulturløftet II peiker på, vil koste meir enn 40 millionar kroner, og me støttar utvalet si vurdering i pkt. 8.3 av at denne summen må aukast dei kommande åra.

I tillegg til prosjektmidlar peiker utvalet på i punkt 1.5.7 at ein del pengar bør fordelast ut til generell styrking av tilbodet og reduksjon av ventelister, noko me støttar. Prosjekt kan fremme gode tilbod og spennande prosjektperiodar for kulturskulen, men det er tre tilhøve me særskilt vil peike på som konsekvensar av prosjektarbeid.

- Prosjektorganisering er administrativt meir ressurskrevjande enn ordinær drift.
- Gjennom prosjekt av ulik karakter og lengde vil ein også byggje ein større etterspørsel etter undervisning i kulturskulane.
- Ved større grad av prosjektorganisering av undervisninga vil ein få større utfordring med å sikre elevane kontinuitet i opplæringa.

Auka prosjektmidlar må difor følgjast opp av auka driftsmidlar, og me vil understreke at det er viktig at også mindre kommunar får økonomiske rammer til å utvikle seg som ressurscenter for eigen kommune.

Estetiske fag i det 13-årige skuleløpet

Mandatet til Kulturskoleutvalget var i stor grad retta mot samarbeidet SFO og kulturskulen, og me støttar utvalet si fokusutviding til å gjelde heile det 13-årige skuleløpet. Både for breidde, rekrutteringa og målet om innsikt i ulike kunstområde som ein del av allmenndanninga, vil samarbeid mellom SFO og kulturskulen vera viktig. Tilbodet innan SFO gjeld til og med 4. trinn, men eit sterkare fokus på denne gruppa vil også gjera både etterspørselen etter kulturskuletilbod og behovet for ressursar til eldre elevar større. Statistisk sett sluttar mange elevar i kulturskulen i overgangen til ungdomsskule og/eller vidaregåande skule. Denne typen bortval bør ein også ta på alvor med tanke på ressurstilgangen og fokusere heile det 13-årige kulturskuleløpet jfr pkt 2.7. Etnedal musikk- og kulturskule har i dag ingen elevar på vidaregåande skule som sine elevar.

Kontinuitet i kunstnarleg uttrykk er viktig i seg sjølv, men frirommet det gir å kunne uttrykke seg gjennom kunst, vil for mange vera ei støtte i gjennomføringa av vidaregåande opplæring, jfr pkt 4.7 i høyringa.

I pkt 4.1 peiker også utvalet på kunstfaga som ein støttande faktor for gjennomføring av ordinær skulegangen. Utvalet foreslår å bruke faget utdanningsval på ungdomsskulen for å få opp omfanget av estetiske fag på ungdomsskulen. Dette ungdomsskulefaget skal fokusere kompetanssmål frå utdanningsprogram på vidaregåande og aktuelt fagområde innan faget utdanningsval er estimert til 66 timar fordelt på tre år på ungdomsskulen. Desse 66 timane skal gå til utprøving av fleire av dei tolv utdanningsprogramma på vidaregåande, og tidsramma strekk ikkje til for å gi det rommet for estetiske fag som utvalet ynskjer.

I pkt 3.2 viser utvalet tilbakegangen estetisk fag har hatt frå 19,7 % av timetalet i Mønsterplanen av 1974 til 13,3 % i Kunnskapsløftet frå 2006. Dette er alvorleg på bakgrunn av dei nemnde punkta i dette avsnittet og får også konsekvensar også for grunnlaget elevane har når dei møter til opplæring i kulturskulane.

Sett i lys av tilbakegangen for kunstfaga i grunnopplæringa, behovet for kontinuitet i opplæringa og behovet for og gleder av kunstfag som mange unge opplever, så støttar me utvalets vurdering av at ein også på ungdomsskulen må få mulegheit til å velje kunstfag. Me meiner at ein må finne andre løysingar enn faget utdanningsval.

Kompetanse

Kulturskulelærarens kompetanse er avgjørande for å skape god kvalitet, noko som må sikrast både gjennom utdanningssystemet og ved å legge til rette for kombinerte stillingar lokalt jfr pkt 1.5.5. Viktigheita av å ha obligatoriske kunstfag innan lærarutdanninga kjem fram her, og vil vera sentralt for ei felles forståing av eigenverdien dei estetiske faga representerer innan opplæringa. Ei lærarutdanning der også estetiske fag står sentralt er også grunnlaget for å kunne tenkje sambruk av lærarkrefter mellom kulturskule og grunnopplæringa. I denne samanhengen vil me støtte opp om rapportens kapittel tre der utvalet drøftar kunst og kulturs verdi og ulike rolle i grunnutdanninga, og me støttar utvalets poengtering av kunstens eigenverdi i pkt 3.1 og 3.4.

Samarbeid mellom skule og kulturskule, og sambruk av den utøvande pedagogen er ynskjeleg, men Etnedal kommune etterlyser meir klare retningslinjer for samarbeidet både med tanke på organisering og spørsmålet om eigenbetaling. Dersom kulturskuletilboda skal vera for alle i td SFO, er det spørsmål om finansiering. Skal alle, ingen eller nokon betale dersom det skal vera for alle?

Forskrift

Utvalet foreslår i rapporten at det lages ei forskrift for kulturskulen knytt til § 13-6 i Opplæringslova, noko me meiner er positivt for å manifestere kulturskulen sin eigenverdi som skuleslag og kulturskulen sitt eksistensgrunnlag.

Me er i prinsippet einige om at § 8 er riktig og viktig. Kulturskulen skal ha tilsette med pedagogisk og kunstfagleg høgare utdanning, men me ser at dette kan bli ei utfordring i mindre kommunar.

Konklusjon

Etnedal kommune:

- ynskjer framhald og auke av stimuleringsmidlar til kulturskulen, men prosjektmidlar må følgjast opp med meir driftsmidlar. Også mindre kommunar må få økonomiske rammer til å utvikle seg som ressurscenter for eigen kommune.
- ynskjer at kulturskulen må få midlar til å ivareta kulturinteressa til elevar også på ungdomsskule og vidaregåande nivå.
- meiner tilbakegangen for estetiske fag i grunnopplæringa er alarmerande, og at faget utdanningsval på ungdomsskulen ikkje kan løyse denne utfordringa i særleg grad.
- meiner at estetiske fag må vera sentrale komponentar i lærarutdanninga for å kunne gi undervisning av kvalitet i grunnskulen, og for å kunne byggje samarbeidsgrunn mellom kulturskule og grunnskule med tanke på sambruk av lærarar, prosjektutvikling og meir organisatorisk fundert samarbeid om lærarressursar.
- meiner at det i samarbeid mellom skule og kulturskule bør ligge klare retningslinjer i spørsmålet om eigenbetaling for tilbod. Kven skal betale dersom tilboda skal vera for alle?
- ynskjer ei forskrift for kulturskulen knytt til § 13-6 i Opplæringslova.

Vurdering:

Forslag til vedtak:

Formannskapet vedtek følgjande forslag til vedtak:

Etnedal kommune:

- ynskjer framhald og auke av stimuleringsmidlar til kulturskulen, men prosjektmidlar må følgjast opp med meir driftsmidlar. Også mindre kommunar må få økonomiske rammer til å utvikle seg som ressurscenter for eigen kommune.
- ynskjer at kulturskulen må få midlar til å ivareta kulturinteressa til elevar også på ungdomsskule og vidaregåande nivå.
- meiner tilbakegangen for estetiske fag i grunnopplæringa er alarmerande, og at faget utdanningsval på ungdomsskulen ikkje kan løyse denne utfordringa i særleg grad.
- meiner at estetiske fag må vera sentrale komponentar i lærarutdanninga for å kunne gi undervisning av kvalitet i grunnskulen, og for å kunne byggje samarbeidsgrunn mellom kulturskule og grunnskule med tanke på sambruk av lærarar, prosjektutvikling og meir organisatorisk fundert samarbeid om lærarressursar.
- meiner at det i samarbeid mellom skule og kulturskule bør ligge klare retningslinjer i spørsmålet om eigenbetaling for tilbod. Kven skal betale dersom tilboda skal vera for alle?
- ynskjer ei forskrift for kulturskulen knytt til § 13-6 i Opplæringslova.

17.02.2011 Formannskapet

FS-003/11 Vedtak:

Formannskapet vedtek følgjande forslag til vedtak:

Etnedal kommune:

- ynskjer framhald og auke av stimuleringsmidlar til kulturskulen, men prosjektmidlar må følgjast opp med meir driftsmidlar. Også mindre kommunar må få økonomiske rammer til å utvikle seg som ressurscenter for eigen kommune.
- ynskjer at kulturskulen må få midlar til å ivareta kulturinteressa til elevar også på ungdomsskule og vidaregåande nivå.
- meiner tilbakegangen for estetiske fag i grunnopplæringa er alarmerande, og at faget utdanningsval på ungdomsskulen ikkje kan løyse denne utfordringa i særleg grad.
- meiner at estetiske fag må vera sentrale komponentar i lærarutdanninga for å kunne gi undervisning av kvalitet i grunnskulen, og for å kunne byggje samarbeidsgrunn mellom kulturskule og grunnskule med tanke på sambruk av lærarar, prosjektutvikling og meir organisatorisk fundert samarbeid om lærarressursar.
- meiner at det i samarbeid mellom skule og kulturskule bør ligge klare retningsliner i spørsmålet om eigenbetaling for tilbod. Kven skal betale dersom tilboda skal vera for alle?
- ynskjer ei forskrift for kulturskulen knytt til § 13-6 i Opplæringslova.

SAMRØYSTES